

Saksbehandlar: Ingebjørg Erikstad, Kulturavdelinga  
Sak nr.: 14/2639-2

## **Samarbeidsavtale mellom Rikskonsertane og Sogn og Fjordane fylkeskommune om skulekonsertordninga**

### **Framlegg til vedtak:**

#### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:**

Samarbeidsavtalen mellom Rikskonsertane og Sogn og Fjordane fylkeskommune om skulekonsertordninga, jf vedlegg 1, vert godkjent.

#### Vedlegg:

Samarbeidsavtale mellom Rikskonsertane og Sogn og Fjordane fylkeskommune om skulekonsertordninga

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

Rutineomtale

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Rikskonsertane og fylkeskommunane har hatt eit langvarig samarbeid om skulekonsertordninga, nedfelt i eigne samarbeidsavtaler. Skulekonsertane er i dag ein integrert del av tilboda i Den kulturelle skulesekken. Alle elevar i 1.-10.klasse får 2 profesjonelle konserttilbod kvart år. Over tid skal ulike sjantrar inngå i tilboda.

Ansvar for konsertproduksjonen er delt mellom Rikskonsertane og den enkelte fylkeskommune. For Sogn og Fjordane gjeld at ansvar for å produsere konsertane er delt med 50% av på kvar av partane. Enkelte andre fylkeskommunar har 75% av produksjonsansvaret.

All turnelegging og informasjon ut til skulane er det fylkeskommunen som står for.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Den nye avtalen med Rikskonsertane byggjer på tidlegare avtaler. Avtalen omfattar samarbeid om programmering, produksjon, turnégjennomføring, dokumentasjon og evaluering av skulekonsertprogram mellom Rikskonsertane og fylkeskommunane. Avtalen har vedlegg med rutinar som omtalar dei praktiske detaljane rundt desse samarbeidsområda.

Utvilda samarbeid vert avtalefesta i tilleggssavtaler til samarbeidsavtalen. For vår del gjeld dette barnehagekonsertar (eitt tilbod pr år). Vi er også inne og prøver ut grendekonsertar knytt til utvalde skulekonsertar i ein to-årsperiode.

Turnélegging og praktisk informasjon til skulane om skulekonsertane er fylkeskommunen sitt ansvar og skjer gjennom Den kulturelle skulesekken.

Avtalen føreset at fylkeskommunen har musikkfagleg kompetanse til å følgje opp det faglege arbeidet som ligg i samarbeidet med Rikskonsertane. Sjølve kostandane med skulekonsertane vert dekkja gjennom det tilskotet fylkeskommunen får årleg til dette føremålet. Tilskotet er utrekna på bakgrunn av tal elevar og kor stor del av konsertproduksjonen fylkeskommunen har ansvar for.

Fylkesdirektøren ser på samarbeidet med Rikskonsertane som ein sentral del av formidlingsarbeidet ut mot barn og unge. Samarbeidet har utvikla seg positivt, og Rikskonsertane er lydhøyre overfor dei signal fylkeskommunane kjem med. Samarbeidet sikrar også kvalitativt godt tilbod i fylket.

Avtalen har ein gjensidig oppseiingsfrist på 18 mnd. I tilfelle manglande løyvingar til ordninga, kan avtalen seiast opp med 3 mnd frist.

I vedlagte avtale er rutineomtalane knytt til ordninga tekne ut og lagt som vedlegg til avtalen.

### **3. Konklusjon**

Fylkesdirektøren rår til at vedlagte samarbeidsavtale vert godkjent.